

Arkoconsult AS
Postboks 103, Fossen Senter
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Vår dato: 08.12.2022

Vår ref.: 202221252-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Sakshandsamar: Margit Sandem

Fjellengen, masf@nve.no

NVE sitt innspel - Varsel om oppstart - Reguleringsplan - Sundet og Midtsundet, gnr. 326 bnr. 3 og 132 m.fl. - Alver kommune

Vi viser til brev datert 09.11. 2022. Saka gjeld varsel om oppstart av reguleringsendring for to gjeldande reguleringsplanar. Føremålet er å utarbeide ein plan som i større grad er i samsvar med overordna plan. Ein ynskjer å vidareføre same mengde bustader og bustadtypar i ny plan. Det vert lagt til rette for etablering av både frittliggande småhus og konsentrert busetnad.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

Konkrete innspel

Fare for kvikkleireskred må avklarast

Planområdet ligg under marin grense. I område med løsmasser under marin grense kan ein ikkje utelukka førekomstar av kvikkleire. Vi rår dykk til å nytte prosedyren kapittel 3.2. i [NVE rettleiar 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred»](#) så langt som det er naudsynt for å avklare faren for områdeskred av kvikkleire.

Generelle råd

For å få eit fullstendig oversyn over korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen rår vi dykk til å nytte våre [internettsider for arealplanlegging](#). Der er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå. Vi vil særleg vise til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#). Rettleiaren leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at



desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

NVE si oppfølging av planarbeidet

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreingar innan NVE sine saksområde er vedlagt. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE. NVE prioriterer å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Margit Sandem Fjellengen
Førstekonsulent

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

Arkoconsult AS

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
ALVER KOMMUNE